

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 030/23 | Formannskapet | PS   | 03.05.2023 |
| 029/23 | Heradsstyret  | PS   | 10.05.2023 |
| 034/23 | Ungdomsråd    | PS   | 05.06.2023 |

| Saksbehandlar              | ArkivsakID |
|----------------------------|------------|
| Linda Judith Svidal Nordås | 23/1149    |

## Interkommunalt samarbeid om bokbuss

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune går i dialog med Alver kommune med mål om å komme fram til ein avtale om interkommunalt samarbeid om tenesten «Bokbuss», som skal leggst fram for politisk behandling.

Avtalen må innehalde:

- Kostnader ved investering
- Kostander ved drift

### Formannskapet - 030/23

#### FS - behandling:

##### AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Hjalti H. Gislason sitt tilleggsframlegg nr 1 vert samrøystes vedteke

Hjalti H. Gislason sitt tilleggsframlegg nr 2 vert samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Osterøy kommune går i dialog med Alver kommune med mål om å komme fram til ein avtale om interkommunalt samarbeid om tenesten «Bokbuss», som skal leggst fram for politisk behandling.

Avtalen må innehalde:

- Kostnader ved investering
- Kostander ved drift

Avtalen skal også innehalde ei skildring av korleis bokbuss-tilbodet til skulane og barnehagane vil endrast om tenesta vert interkommunal.

Når avtalen vert lagt fram for politisk handsaming skal saka også innehalde opplysingar om investerings- og driftskostnad for ny bokbuss som Osterøy kommune driv åleine, slik han gjer i dag.

### Heradsstyret - 029/23

#### HS - behandling:

Endringsframlegg frå Alf Terje Mortensen, FRP: «Alver» vert stroke som samarbeidskommune slik at ein også kan sonde interkommunalt samarbeid med andre grannar.

### **AVRØYSTING:**

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt endringsframlegg vert samrøystes vedteke  
Formannskapet sitt framlegg med endringsframlegg vert samrøystes vedteke

-----  
Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

### **HS - vedtak:**

**Osterøy kommune går i dialog med andre kommunar med mål om å komme fram til ein avtale om interkommunalt samarbeid om tenesten «Bokbuss», som skal leggst fram for politisk behandling.**

**Avtalen må innehalde:**

- **Kostnader ved investering**
- **Kostander ved drift**

**Avtalen skal også innehalde ei skildring av korleis bokbuss-tilbodet til skulane og barnehagane vil endrast om tenesta vert interkommunal.**

**Når avtalen vert lagt fram for politisk handsaming skal saka også innehalde opplysingar om investerings- og driftskostnad for ny bokbuss som Osterøy kommune driv aleine, slik han gjer i dag.**

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

Bokbussen Mime er begynt å nærme seg venta levetid. Osterøy kommune sitt lovpålagte skulebibliotek er via bokbusstilbod. Òg barnehagane får tilbod via bokbussen, noko som er i tråd med Oppvekstsektoren sitt fokus på lesing.

#### **Bakgrunn**

Den økonomiske situasjonen til Osterøy kommune tilseier at ein bør vurdere alle investeringar og korleis ein kan få ned kostnader både til investering og drift. Rådmannen ser nå på mogelegheit for eit interkommunalt samarbeid med Alver kommune om investering og drift av bokbuss, og ber Herradsstyre gjere eit vedtak på om dette skal utgreiast.

Det vi veit per i dag, er følgjande:

- Tilskotet frå Bibliotekutvikling Vestland (fylkesbiblitoteket) er i 2023 inntil 1 500 000 for kommunar som samarbeier, mot inntil 1 000 000 for kommunar som investerer i bokbuss aleine.
- Bokbussen «Mime» er på vegane cirka 6 verkedagar per månad.
- Utgifter til repreasjon, EU-kontroll, verkstad med meir for «Mime» er aukande.

I samtalane med Alver, må ein kartlegge og vurdere om eit interkommunalt samarbeid vil medføre at felles investering og drift vil medføre lågare kostnader for Osterøy kommune enn ved å investere aleine, evt gå bort frå bokbussdrift og over til anna organisering for skulebiblioteket.

#### **Vurdering**

Folkehelse: Ikkje vurdert

Miljø: ikkje vurdert

Økonomi: Ikkje vurdering

#### **Konklusjon**

Osterøy kommune går i dialog med Alver kommune med mål om å komme fram til ein avtale om interkommunalt samarbeid om tenesten «Bokbuss», som skal leggest fram for politisk behandling.

Avtalen må innehalde:

- Kostnader ved investering
- Kostander ved drift